
Arkivsak-dok. PLAN-20/00295-18
Saksbehandler Jan Rune Jacobsen

Utval

Møtedato

Utvalsak

Detaljreguleringsplan for «Steinuttak på gnr 49 bnr 3 og 11, Stokkeland»

Kommunedirektøren si innstilling:

I medhald av Plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner kommunestyret detaljreguleringsplan for: **Steinuttak på gnr 49 bnr 3 og 11, Stokkeland**, med plankart, omtale og føresegner datert 23.08.2023.

Saksopplysninger

Bakgrunn:

Tiltakshavar for reguleringsplanen er eigaren av gnr. 49 bnr. 3 i Vestnes kommune; Leif Olav Stokkeland, som er eigar av Stokkeland Traktordrift DA og driv steinuttaket i dag saman med eigarane av gnr. 49 bnr. 11. Planrådgjevar er Ing. Jostein Bø, Kråkvika 33, 6390 Vestnes.

Formålet er å sikre eit heimelsdokument for utviding og vidare drift av dagens massetak. Avkjørsel til massetaket er i samsvar med reguleringsplan for Fv 661 Vik – Furneskrysset.

Tiltaket tek elles omsyn til nærliggande kraftline og til lokalt viktig kystmyr i nord og er i hovudsak i samsvar med kommuneplanens arealdel.

Vurdering

Planforslaget har vore lagt ut til offentleg ettersyn sommaren 2023 og forutan NVE sitt generelle innspel (ikkje kommentert) er det mottatt 4 innspel til planen, alle er referert og kommentert nedanfor:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE:

1. Peikar på at det i frisktssonene, som ligg utanfor planområdet, er behov for opprydding.
2. Det må vere rutinar for opprydding etter tilgrising av slam i vegbana.
3. For at føresegnene for fornminnet skal vere bindande, må planområdet utvidast til å omfatte dette.

Kommunedirektøren viser til at punkt 1 og 2 ikkje gjeld reguleringsforslaget. Vedkomande punkt 3 er det etter dialog med fylkeskommunen konkludert med at planområdet ikkje blir utvida, og at punktet om fornminne i føresegnene blir tatt ut. Sjå vedlegg.

DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING:

1. Rår til endring av føresegnene med omsyn på sikring av området.
2. Rår til at uttaksvolum blir synleggjort i føresegnene.
3. Driftskonsesjon – ved samla uttak på over 10.000 m³ stiller minerallova § 43 krav om godkjent driftskonsesjon. Ny oppstart av masseuttaket kan ikkje skje før dette er godkjent.

Kommunedirektøren viser til punkt 1 og 2 og at reguleringsføresegnene er justert på desse punkta, jfr. føresegnene pkt 1.1 og 2.1 - sjuande kulepunkt.

Då det samla uttaksvolumet vil vere på over 10.000 m³, er søknad om driftskonsesjon under utarbeiding. I direktoratet sin vegleiar for søknad om driftskonsesjon er eit av kriteria for behandling at reguleringsplan er godkjent og ikkje eldre enn 3 år.

LASSE STOKKELAND, medeigar av gnr. 49 bnr. 11:

1. Djupmyra må ikkje drenerast ut.
2. Ønskjer tidsfrist for istandsetting av uttaksområdet.
3. Oppsamlingsdam/slambasseng må visast i planen.
4. Det er i dag fleire grunneigarar av gnr 49 bnr. 11, og uttak av massar på dette bruksnummeret kan ikkje skje utan samtykke frå alle partar.

Kommunedirektøren viser til:

Punkt 1 - Slik planen er utforma – kart og føresegner – er det vurdert at det er gjort nødvendige avgrensingar og stilt krav som er tilstrekkelege for å hindre at dette kan skje.

Punkt 2 – Dette vil inngå i driftsplanen, som vil vere ein del av driftskonsesjonen.

Punkt 3 – Slambasseng er vist som illustrasjon i plankartet og er ein del av føresegnene pkt. 2.1 - niande kulepunkt.

Punkt 4 – Det har ikkje vore innvendingar til planavgrensinga tidlegare. Tiltakshavar og forslagsstillar er også eigar av to partar av gnr. 49 bnr. 11. Dei privatrettslege forholda mellom eigarane vil også vere i tiltakshavar si interesse å få rydda opp i før uttak kan gjerast, og er ikkje vidare omtala i plandokumenta.

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL:

1. Ordet «kan» om etablering av sikringsvollar i føresegnene skal erstattast med «skal».
2. Statsforvaltaren ber om at del av uttaksområdet mot aust blir tatt ut av planen, for å sikre myra.

Kommunedirektøren viser til:

Punkt 1 – Reguleringsføresegnene pkt 3.1 er korrigert på dette punktet.

Punkt 2 – Som Statsforvaltaren seier, ligg det aktuelle området i nord-aust utanfor område vist som «Djupmyra». Dette er fordi ein fjellrygg, som delvis ligg i dagen heilt forbi kanten av dyrkajorda lengre aust, avgrensar myra. Slik reguleringsføresegnene no er utforma, er det vurdert at denne delen av uttaksområdet ikkje vil føre til lekkasje frå myra. Uttaksområdet er likevel redusert her, jf plankartet.

OPPSUMMERING

Det er ikkje reist motsegner til planforslaget og plandokumenta er reviderte etter mottatte innspel ved offentleg ettersyn. Kommunedirektøren vurderer derfor at planforslagt kan vedtakast.

Vedlegg

2023.05.25. ROS

2022.10.28. Naturfagleg vurdering

2023.05.25. MYR - Djupmyra

Detaljreguleringsplan for massetak på Stokkeland - offentleg ettersyn

Massetak stokkeland

Vestnes kommune - detaljregulering - reguleringsplan for massetak på Stokkeland - Møre og Romsdal fylkeskommune

Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplan for massetak på Stokkeland - Direktoratet for mineralforvaltning

Merknader - detaljreguleringsplan for massetak på Stokkeland - offentlig ettersyn - Lasse stokkeland uttale - detaljregulering for massetak på Stokkeland

2023.08.23. Kommenterarar til merknader

2023.08.23. Planomtale Rev

2023.08.23. Planføresegner Rev

2023.08.23. Plankart REV

Særutskrift:

Etter adresseliste